

Hordaland Nei til EU årsmøte 15.mars 2024

## Revisjonsmelding for rekneskap 2023

Som vald revisor for Hordaland Nei til EU har eg gått gjennom rekneskapen for perioden 01.01.2023 til 31.12.2023.

Revisjonsarbeidet er gjort ut frå ferdigstillta rekneskap frå Frode Mannsåker.

Rekneskapen med balanse er signert av styremedlemmene og framlagt i utsende saksdokumenta for årsmøtet.

Bank-betalingar og ordning av bilag er gjort av styremedlem/kasserar Hildur Straume.

Revisor har gjennomgått resultatrekneskap 2023 med noter og balanserekneskap og sjekka mot månadlege bankutskrifter for driftskonto og høgrentekonto i sparebanken vest, samt utval av dei 217 førte bilaga. Revisor har også hatt tilgang på alle styrereferata.

Rekneskapen viser resultat for 2023 med underskot Kr. 13 817,- og eigenkapital ved årsskiftet er kr 789 552,-

Rekneskapen er ryddig ført, dokumentert med bilag i tråd med god rekneskapsskikk og det er forklarande noter til aktuelle posteringar.

Økonomiarbeidet i Hordaland Nei til EU er forsvarleg og i samsvar med organisasjonen sine mål og vedtak. Styremøta har økonomi som fast sak på sakslista noko som verkar til god styring. Rekneskapen står i samsvar med årsmeldinga frå styret og gir godt grunnlag for vidare drift. Samarbeidet og deling av oppgåvene mellom kasserar og rekneskapsførar er ein ekstra sikring av økonomiarbeidet. Årsmeldinga har eige punkt om økonomiarbeidet.

Revisor rår til at årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2023

Ulset

6.mars 2024



.....

Frank Mo intern-revisor Hordaland NTEU